



Både tre og massar rasar ut i elva

Hans Reidar Kjærland i Uskedal Vassverk kan fortelja at alt regnet har ført til store utfordringar når det gjeld drikkevandet i bygda. Dei store vassmengdene har ført til at det stadig raser ut massar i elva i Eikedalen, og det gjer at det vert store utfordringar når det gjeld reinsing av vatnet for bakteriar ved hjelp av UV-stråling.



Det legg seg grunner i elva og hindrar elveløpet ved flaum.

Kjærland fortel at utrasinga inne i Eikedalen, gjer at vatnet vert brunt og grumset, og det gjer det vanskeleg for UV-strålene å trenga gjennom slik at dei får teke knekken på bakteriane. Han seier at når det først er byrja å rasa ut, har det ein tendens til å rasa meir og meir, og med dei stor regnmengdene no i juli har det vore heilt på grensa til at ein kan nytta UV anlegget.

Han fortel at dei har eit naudanneleg for kloring av vatnet, men det ønskjer dei i det lengste å sleppa å gjera. Kokevarsel er ikkje aktuelt då det ikkje vil fungera for mat- og næringsmiddelprodusentar. I tilfelle Vassverket må nytta kloring vil ein varsla abonnentane om dette gjennom media og ein vil også varsla Mattilsynet ved slikt høve.

Han legg til at dei også har hatt liknande problem tidlegare, men at det har vorte meir omfattande no i juli månad. Område som er mest utsett er innafor Flåtene, for dei som er lokalkjende. Eit område som også er vanskelig å nå med maskinar. Skulle vi vera så heldige å få maskin inn der så vert neste utfordring å halda drikkevasskvaliteten medan ein arbeidar der inne. Vi ser ikkje heilt for oss i dag korleis vi skal løysa det problemet.

- Gjer dette vasskjelda som vart oppdaga ved boringa til Tverrelva kraftverk som var sak på siste årsmøtet, endå meir interessant? spør uskedalen.no.
- Å undersøka den er opplagt svært interessant, men det må føregå prøvetaking og vassmålingar i eit års tid før ein kan seia meir om dette. Vassprøvene som er tekne til no, viser eksepsjonelt god vasskvalitet, Målingar til no

tyder også på at det er meir vatn enn vi brukar til no, og med ein gunstig vekst i bygda vil det sikra vasstilførsel i bygda i alle fall dei neste 50 åra. I tillegg er jo denne kjelda heilt stabil, uavhengig av ver og vind, seier vassverksleiar Kjærland.

- Dersom resultatata er så gode som det ser ut no, vil det vera meiningslaust om dette vatnet ikkje vart nytta til drikkevatt. Vi finn nok ikkje betre råvatn i Uskedalen i så store mengder, seier han og legg til at dei arbeider med å få på plass avtale med grunneigarane på Haugland som er involvert. Dette håpar vi verkeleg at vi kan få til, ikkje minst vil det vera med å sikra ei god utviklinga i bygda i framtida.

Det vert svært spennande å følgja utviklinga i denne saka som har så stor positiv verdi for bygda. Kanskje ei av dei viktigaste sakene på mange 10-år.

Tekst og nett: Thor Ing Døssland

Foto: Uskedal vassverk



Massane fører til brunt og grumse vatn